

Litt respons, men meir ynskjeleg for TV Sydvest

17.11.2010

Det Uskedalen-baserte selskapet TV Sydvest har hatt ein viss respons på appellen sin til publikum om støtte til vidare drift.

Men større respons er ønskjeleg. Marginane er små understrekar redaktør Ronny Lakselv. Han legg til at det som trengst mest er solide støttespelarar som kan slutte opp over tid

Selskapet driv på sparebluss og har ikkje så mykje å by på for tida.

Dei innskrenker seg stort sett til ei sending på laurdag som blir sendt i reprise søndag. Til dømes vil dei den kommande laurdagen by på ein serie samt ein reportasje frå Hjertefred-aksjonen for stutt tid sidan..

Men dei 24 dagane før jul blir det daglege,lokale innslag som handlar om advent.

Styreleiar Otto Benjaminson har sagt at dei ikkje har økonomiske problem. Dei har ikkje lån å forsvara, men faste utgifter på 10.000 kroner i månaden. Inntektene er lik null, bortsett frå litt pengegåver frå gode støttespelarar. Men det dekkar ikkje dei løpande kostnadane, har styreleiaren opplyst. Om framtida har han sagt at ein utveg kan vera å satsa på program med religiøst innhald medan andre tar seg meir av det andre.

Av Ola Matti Mathisen